

Det fyrste møte i det nye Dialogforumet blir halde tysdag 25. mars i Gamleskulen. Det opplyser Kristian Bringedal, som er prosjektleiar

Forumet vert leia av ei gruppe på tre. Styret i Uskedalen Utvikling har peika ut styremedlem Reidar Myklebust som medlem av prosjektgruppa. På det fyrste møtet vert det utpeika ein tredje medlem - frå eksisterande grupper eller andre brukargrupper.

- Eit forum er ei forsamling der noko vert drøfta. Den som ynskjer å ta opp ei sak, må melda dette inn i god tid på førehand, seier prosjektleiaren



Merka stiar i fjellet er ei av sakene som kjem opp på første møtet i Dialogforum. Her er prosjektleiar Kristian Bringedal foran Nâso. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Og kva skjer vidare?
 - Hvis det let seg gjera, vert saka førebudd og lagt fram for drøfting på møtet før ein finn ei høveleg arbeidsform for løysing.
 Det er ein føresetnad at den som melder saker, må møta fram og målbera si sak.
 Det nye forumet er ein del av og ei vidareføring av Bygdeutviklingsprosjektet.

- Er det allereie meldt inn tema til det første møtet?
 - Jau, vi har førebels tre saker. Den eine er trong for buss-skur i riksvegen nedanfor bustadfeltet Halsabrotet. Den andre er turvegane i nærområdet og merka stiar i fjellet. Den tredje gjeld felles profilering av kulturbygda Uskedalen for sommaren 2008.

Dei som har andre saker må melda desse til meg, seier Kristian Bringedal.
 Han har denne mailadressa: kristian.olav.bringedal@kvinnherad.kommune.no

Av Ola Matti Mathisen